



Referat frå møte i arbeidsgruppa, Ryfylke vassområde

Tid: 29.08.18 kl. 09.00-10.00

Skypemøte

Til stede:		
Hjelmeland kommune	Torborg Kleppa	X
Rennesøy kommune	Geir Helge Rygg	X
Sauda kommune	Øyvind Ljung	X
Strand kommune	Trond Leirflåt	Meldt fråfall
Suldal kommune	Ole Martin Dahle	Meldt fråfall
Finnøy kommune	Silke Ullrich	X
Forsand kommune	Rune Idsøe	-
Gjesdal kommune	Asgeir Kleppa	-
Kvitsøy kommune	Anne Marit Eikeland	-
Odda kommune	Torstein Backer-Owe	-
Vinje kommune	Dorthe Huitfeldt	-
Bykle kommune	Sigrid Bjørgum	Meldt fråfall
Stavanger kommune	Kristin Bringedal	-
Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavd.	Nono Dimby	Meldt fråfall
Fylkesmannen i Rogaland, miljøvern avd.	Ørjan Simonsen	Meldt fråfall
Sekretariat, Ryfylke vassområde	Jarle Lunde	X

Sak 11/18: Orienteringssaker

- Status for Vann-nett:
Oppdatering av miljøtilstand (Fylkesmannen) og tiltaksstatus (vasskoordinator for kommunane) er under arbeid. Har teke lenger tid enn forventta pga problem med programvare/database.

- Status for undersøkingar i regi av Ryfylke vassområde:
Fishguard har gjennomført miljøtilstandsundersøkingar i sjølokalitetar i Rennesøy, Finnøy og Suldal. Har fått mediaomtale. Rapport ved årsskifte.

Iris gjennomfører for tida miljøtilstandsundersøking i tre vatn i Strand, Hjelmeland og Suldal. Rapport ved årsskifte.

Cowi har fått oppdrag å gjennomføre nærare undersøkingar av miljøtilstand i Nordelva/Åbødalselva i Sauda.

- Fylkeskommunens tilskott til vassmiljøtiltak med frist 1.september :
<http://www.rogfk.no/Tilskudd-og-oekonomisk-stoette/Natur-og-kulturvern2/Vannmiljoetiltak>

- Neste møte saman med Ryfylke vassområdeutval blir 28.sept.
Det blir planlagt befaring i Husstølåna, stikkord er elvemusling, sjøaure, kantvegetasjon, erosjon, vasskvalitat.

Representantane i arbeidsgruppa presenterer kort status for vassmiljøarbeidet i sin kommune.

Det blei føreslått at forventningar til kommuneplan i forhold til vassmiljø og vassmiljøarbeidet blir teke opp som tema i møte. Jarle høyrer med fylkeskommunen.

Sak 12/18: Kartlegging av sjøaure i Ryfylke – prosjektskisse

Det blei lagt fram ei prosjektskisse (sjå vedlegg). Det blir her føreslått oppstart av eit sjøaureprosjekt i vassområde Ryfylke etter modell frå Agder.

Framlegg til vedtak:

Arbeidsgruppa i Ryfylke vassområde rår til at ein startar eit prosjekt med utgangspunkt i framlagt dokument: «Kartlegging av sjøaure i Ryfylke – prosjektskisse».

Ryfylke vassområde ved vasskoordinator søker om tilskott til prosjektet til «Fylkeskommunens tilskudd til vassmiljøtiltak» innan 1. september.

Følgande frå arbeidsgruppa blir med i ei styringsgruppe/arbeidsgruppe for prosjektet:

Protokoll:

Forslag om å søkje om tilskott på 100 000,- til prosjektet. Slik prosjektet er lagt opp vil det bli ein betydeleg eigeninnsats/dugnad.

I tillegg til vasskoordinator var det eit ønskje om personar som kunne representere Ryfylke vassområde vidare i prosjektet. Øyvind Ljung sa seg villig til å bli med ei styringsgruppe/arbeidsgruppe. Forslag om at Trond Leirflot også kan vere med, noko Trond har samtykka i.

Vedtak:

Arbeidsgruppa i Ryfylke vassområde rår til at ein startar eit prosjekt med utgangspunkt i framlagt dokument: «Kartlegging av sjøaure i Ryfylke – prosjektskisse».

Ryfylke vassområde ved vasskoordinator søker om tilskott på kr 100 000,- til prosjektet frå «Fylkeskommunens tilskudd til vassmiljøtiltak» innan 1. september.

I tillegg til vasskoordinator blir Øyvind Ljung og Trond Leirflot med i ei styringsgruppe/arbeidsgruppe for prosjektet.

Sak 12/18: Eventuelt

Ingen saker

Sand 30.08.18

Jarle Lunde
Vasskoordinator i Ryfylke